



TysseLand Arkitektur AS
Strandgaten 19
5013 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/844 - 19/12758

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

Dato:

23.09.2019

Godkjenning - GBNR 23/567 - Søknad om plassering av mur - Elvaåsen

Administrativt vedtak. Saknr: 133/2019

Tiltakshavar:

Boligbygg Vest AS

Ansvarleg søkjar:

TysseLand Arkitektur AS

Søknadstype:

Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar søkt om endring av gitt løyve til opparbeiding av utomhusarealet på gbnr. 23/567, Elvaåsen.

Søknad med vedlegg var journalført motteke 3.12.2018.

Fordi mur 12, ved BK 20, skal plasserast nærare nabogrensa mot gbnr. 23/86 enn 4 meter, og det ikkje var søkt om dispensasjon eller lagt ved erklæring frå eigar av gbnr. 23/86, har ikkje kommunen teke stilling til plasseringa før no. Det vart gitt løyve til øvrige endringar i vedtak datert 22.1.2019, saksnr. 342/2019.

VURDERING:

Nabovarsling:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Muren var vist på nabovarsel datert 4.1.2019, og er dermed tilstrekkeleg nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3 første ledd. Det er ikkje kome merknadar.

Lov- og plangrunnlag:

Gbnr. 23/567 er omfatta av Reguleringsplan for Elvaåsen, planid: 125620110003, og er satt av til utbyggingsområde for konsentrert småhusbusetnad med tilhøyrande utomhusareal og anlegg. Oppføring av mur er i samsvar med formålet.

Plassering og høgd:

Ettersom eigar av gbnr. 23/522 har samtykka til omsøkt plassering av muren, kan kommunen godkjenne plasseringa, jf. pbl § 29-4 tredje ledd bokstav a).

Eigar av gbnr. 23/522 har samtykka til ei høgd på muren på inntil 2 meter. Det er ein føresetnad for samtykke at dei vert orientert viss muren får endra plassering. Administrasjonen legg til grunn at dette vert fylgt opp av ansvarleg søkjar.

Ansvarsrettar:

Ansvar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og oppdatert gjennomføringsplan.

VEDTAK:

«Meland kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 29-4 tredje ledd bokstav a), jf. § 20-1 bokstav a), løyve til plassering av mur i grensa mot gbnr. 23/522, som omsøkt og vist på situasjonskart vedlagt godkjenning datert 22.1.2019. Utføring skal vere i samsvar med samtykke frå eigar av gbnr. 23/522, datert 28.1.2019.

For grunngjeving av vedtaket, sjå vurderinga over.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Vestland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Tysseland Arkitektur AS

Strandgaten 19 5013

BERGEN